

Kulturmidlar 2011 - løyvingar til diverse tiltak

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1 Det vert fordelt følgjande løyvingar frå teneste 5001

1)	Vestnorsk Jazzsenter	kr. 100 000
2)	Vestlandsutstillinga 2011	kr. 100 000
3)	Sogn og Fjordane Symfoniorkester	kr. 125 000
4)	Bergen Filharmoniske Orkester	kr. 200 000
5)	Stiftinga Singerheimen	kr. 250 000
6)	Skjøtsel av kulturminne	kr. 100 000
	Sum	kr. 875 000

2. Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

Prenta vedlegg:

1. Søkjaroversyn
2. Retningslinene

Uprenta vedlegg:

1. Søknadane

Saksframstilling

BAKGRUNN

Tilskot til allmenne kulturføremål skal gå til kulturlivet i Sogn og Fjordane. Søkjarar er frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og einskilde personar. Søknadsfrist er 15. januar kvart år.

I denne saka vert det rådd til fordeling av fylkeskommunale midlar til større tiltak. Det ligg føre 6 ulike søknadar. Løyvinga til skjøtsel av kulturminner i Sogn og Fjordane vert og handsama i denne saka.

Tilskota vert løyvd frå teneste 5001, tilskot til lag og organisasjonar.

Det vert elles vist til omtale om økonomi og generelle kriterier i sak til fordeling av tilskot til lag og organisasjonar som og vert handsama i dette møtet.

VURDERING

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det naturleg å leggje til grunn at tilskot til eksterne aktørar skal vere med og realisere fylkeskommunale mål og prioriteringar slik desse m.a. er uttrykt gjennom fylkesplanen og i vår eigen kulturstrategi. Frivillig innsats, dugnad, nynorsken sin stilling, m.m. er i fylkesplanen framheva som viktige verdiar ved Sogn og Fjordane. Dette er såleis viktige føringar for bruken av fylkeskommunale midlar.

Fleira av tiltaka i denne saka handlar om samarbeid på Vestlandet, og der fleire av fylkeskommunane på Vestlandet er inne med delfinansiering (VJ og VU). Dette er tiltak som på ein positiv måte medfører auka aktivitet i Sogn og Fjordane, og som gir aktørar i fylket vårt tilgang til kompetanse og nettverk i nabofylka, og dels også internasjonale kontakter.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert.

Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga.

Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett.

KORT OM DEN ENKELTE SØKJAR

1. Vestnorsk Jazzsenter (VJ)

Sogn og Fjordane fylkeskommune er medstiftar i Vestnorsk Jazzsenter. Vestnorsk Jazzsenter er samarbeidspartnar for jazzarrangørar på Vestlandet og samarbeider med Balejazz om utvikling festivalen i Balestrand, herunder også økonomisk bidrag. VJ brukar også Balejazz som møteplass for internasjonale kontakter (arrangørar, formidlarar, journalistar, m.m.). VJ har ei sentral rolle i å bidra med å utvikle jazzmiljøet i Sogn og Fjordane, og samarbeider også med Førdefestivalen i utviklinga av FolkJazzscena i fylket. Gjennom nye prosjektinitiativ der VJ er sentrale ser fylkesdirektøren at det skjer ei utvikling av musikklivet også i vårt fylke. Det vil difor vere naturleg å vurdere å øyremerkje støtte til VJ inn mot prosjekt som heilt tydeleg har Sogn og Fjordane som nedslagsfelt for sin aktivitet, samstundes som tilknytninga til VJ er viktig for å sikre tilgangen til kompetanse og nettverk som institusjonen sit på.

Søknadssum: kr. 250 000.

Tilråding:

kr. 100 000

2. Vestlandsutstillinga

Vestlandsutstillinga er eit samarbeid mellom dei fire vestlandsfylka, kunstnarorganisasjonar og kunstlag på Vestlandet. Formålet er å arrangere ei årleg utstilling med kunstnarar som har tilknytting til Vestlandet. Vestlandsutstillinga mottek støtte frå dei tre andre fylkeskommunane, og kunstforeningar. Utstillinga vert vist i kunstlag i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Visingsstad i Sogn og Fjordane er Førde med Sunnfjord Kunstlag som lokal arrangør. Kunstnarar med tilknytting til Vestlandet kan søkje om deltaking.

Søknadssum: kr. 100 000,-

Tilråding: kr. 100 000,-

3. Sogn og Fjordane Symfoniorkester

Sogn og Fjordane Symfoniorkester (SOFORK) som starta opp i 2003, har som mål at fleire i fylket skal få kjennskap til og høyre levande symfonisk musikk. Musikarane er unge og vaksne, profesjonelle og amatørar som skal få oppleve å musisere i symfoniorkester. SOFORK har fått støtte frå fylkeskommunen, kommunar, kommunar, sponsorar m.m. Programmet i år heiter "folkemusikk i symfonisk drakt, med konsertar i Førde og på Sandane. Elevar frå musikklinja ved Firda vidaregåande skule medverkar med innslag. Distriktsmusikarane i fylket utgjer ei viktig grunnstamme i dette orkesteret, samstundes som orkesteret er eit viktig motivasjons- og utviklingstiltak for musikarane.

Søknadssum: kr. 175 000

Tilråding: kr. 125 000,-

4. Samarbeidsavtale med Harmonien / Bergen Filharmoniske Orkester

Hovudutvalet godkjende i HK-sak 26/06 vidare samarbeid med Stiftelsen Harmonien om konsertar med Bergen Filharmoniske Orkester i Sogn og Fjordane. Avtalen byggjer på tidlegare avtale, og omfattar konsertsesongane 2006-07, 2007-08 og 2008-09. Sogndal kom inn som ny konsertstad i 2007, i første omgang med årleg nyttårskonsert. Avtalen vart forlenga til å gjelde konsertsesongen 2009 – 2010.

Det er no gjennomført forhandlingar med BFO og det er inngått avtale som gjeld frå haustsesongen 2010 til våren 2013. Faste spelstader vert utvida til tre (Førde, Sogndal og Sandane). Førde har opsjon på ein konsert nr 2, og ein fjerde stad kan komme inn dersom Førde ikkje nyttar denne opsjonen. Avtalen føreset eit årleg tilskot frå fylkeskommunen på inntil kr 200 000. Fylkesdirektøren rår til eit tilskot på inntil kr 200 000 til dette konsertsamarbeidet.

Tilråding: kr. 200 000,-

5. Stiftelsen Singerheimen

Stiftinga Singerheimen er ein ideell organisasjon som har som formål å vedlikehalde hus, inventar og kulturskattar som ekteparet Singer gav til folket i Sogn og Fjordane. Stiftinga Singerheimen skal og drive egedomen på ein verdig måte som ein kulturinstitusjon. Økonomisk grunnlag for drifta og vedlikehald vert skaffa til veie gjennom inntekter ved utleige, kurs og omvisning i tillegg til tilskot frå fylkeskommunen, kommunen, m.fl.

Singerheimen var tidlegare under Nordfjord Sjukehus, så under helse- og sosialutvalet i fylkeskommunen si styring. Fylkeskommunen hadde då m.a. ansvar for drift og vedlikehald ved Singerheimen, og Singerheimen vart i praksis langt på veg handsama som ein fylkeskommunal institusjon. Singerheimen er ei eiga stifting, med eige styre. I samband med helsereforma vart stiftinga omdanna og nye vedtekter fatta i 2001. Hovudutval for kultur oppnevner styre på fem medlemmer der to av dei vert oppnemnde etter forslag frå Stryn kommune. Stiftinga har ei stor bygningsmasse å ta seg av. Denne treng vedlikehald og istandsetjing.

Deler av tilskotet frå fylkeskommunen i 2010 sette som vilkår at det skulle settast i gang eit utviklingsarbeid ved Singerheimen for å betre kunne møte utfordringa i framtida og auke innteninga. Som eit ledd i dette arbeidet vart det utarbeidd ein utviklingsplan for perioden 2010 – 2012, samtidig som det i ein periode vart redusert deler av ei stilling. Det komande året vil vise om denne endringa vil gje betre resultat. Med dagens drift og stort behov for vedlikehald av bygningane, er stiftinga avhengig av tilskot for å få drifta til å gå rundt. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til Singerheimen med føresetnad om at den utarbeidde utviklingsplanen vert følgd opp.

Søknadssum: kr. 250 000,-

Tilråding: kr. 250 000,-

6. Skjøtsel av kulturminne

Hovudutval for kultur har tidlegare sett av midlar til kulturminnetiltak. Ordninga med tilskot til kulturminnevern fall bort etter budsjettprosessen for 2011. Innananfor denne ordninga vart det avsett midlar til avtalar som er inngått til skjøtselstiltak i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har inngått 3-5 årige skjøtelsavtaler med 3 ulike aktørar i fylket. Det gjeld gardsanlegg frå vikingtida på Ytre Moa, jernaldergårdsanlegg på Modvo og helleristningsfelt i Vingen. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av inntil kr. 100 000,- for å oppfylle skjøtelsavtalar i 2011.

Tilråding: kr. 100 00,-.

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til omtale over, og rår hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med tilrådingane.